

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 11.10.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Arve Varden/ Vidar Vie  
**SAKA GJELD:** **Risikostyring Helse Førde 2. tertial 2019**

**ARKIVSAK:** 2017/4386  
**STYRESAK:** **082/2019**

**STYREMØTE:** **28.10.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør si rapportering på risikostyring i Helse Førde 2. tertial 2019 til vitende.

## Oppsummering

Rapporteringa syner moderat risiko på dei fleste risikoelementa etter første tertial. Det verkar klart at føretaket ikkje innfrir den gylne regel når det gjeld utvikling i kostnader og aktivitet.

## Fakta

Helse Førde har desse sju styringsmåla for 2019:

1. Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest er halvert innan 2019.
2. Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest er redusert i 2019 (samanlikna med 2018). Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest innan somatikk er redusert til 50 dagar innan 2021.
3. HMS er ein sjølvsgatt del av arbeidsdagen.
4. Den gylne regel må innfriast. Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk.
5. Utbyggingsprosjekt skal gjennomførast i samsvar med dei føresetnader som ligg til grunn for vedtak om gjennomføring av investeringa.
6. Innleggingar og fysiske konsultasjonar skal unngåast, dersom tenesta kan ytast virtuelt med like godt eller betre resultat.
7. Fråvær og oppgåver er godt planlagde slik at pasientar og tilsette opplever føreseielege tenester og drift.

Dei fem første er regionale mål, medan dei to siste er valde ut lokalt. Styret fekk rapportering på status etter første tertial i juni månad.

Alle styringsmåla har delmål med risikoelement. Vedlegget til styresaka syner detaljert status på kvart område. Det overordna biletet etter andre tertial ser slik ut:

Risikomatrixe overordna						
2. tertial						
Konsekvens						
		Ikkje alvorleg	Mindre alvorleg	Moderat	Alvorleg	Svært alv./kritisk
Sannsynlegheit	Svært stor			4.1A, 4.3A		
	Stor			2.1A, 2.2A,		
	Moderat			1.2A, 3.2A, 3.3A, 6.1A, 6.2A	2.3A, 3.1A, 3.4A 7.1A	
	Liten			4.2A, 1.1A	5.1A, 5.2A	
	Svært liten					

To av risikoelementa er i andre tertial plassert i raud sone. Dei gjeld krava om at det skal vere høgare kostnadsvekst og aktivitetsvekst innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk. Både resultat så langt i år, og prognose framover, viser med svært stor sannsynlegheit at det ikkje vil skje i 2019. I rettleiaren til risikostyringa går det fram at risikoelement i raud sone skal følgjast opp med snarlege tiltak. Økonomistyringa og tiltaka i klinikkane blir følgt tett gjennom heile året, og administrerande direktør vurderer det som ikkje nødvendig med ekstra tiltak utover det.

Dei andre risikoelementa ligg i, eller tett ved, området «moderat/moderat». Begge risikoelementa som er knytte til første styringsmålet har positiv utvikling. Dei omhandlar gjennomføring av pasienttryggleiksvisittar og gjennomføring av trygg pleie/NEWS.

Statusen for risikoelementa kan også vurderast utifrå ulike indikatorar. I biletet under er det gjort eit uttrekk av indikatorar som direkte eller indirekte er nær knytte til risikoelementa.

Risikostyringsindikatorar for Helse Førde 2019					
	Indikator	Mål	Status	Utvikling	Kommentar
1	Risikovurdering fall	90 %	● 66 %	↗	Vurderingar pasientar over 18 år
2	Risikovurdering trykksår	90 %	● 60 %	↗	Vurderingar pasientar over 18 år
3	Risikovurdering ernæring	90 %	● 51 %	↗	Vurderingar pasientar over 18 år
4	Pakkeforløp kreft	70 %	● 68 %	↘	Del innanfor standard forløpstid
5	Ventetider somatikk	56	● 61	→	Ventetider for behandla pasientar
6	Fristbrot	0	● 495 tilfelle	↘	Tal fristbrot helsehjelp starta så langt i år
7	Direkte time 1. konsultasjon	100 %	● 89,7 %	→	Tildelt pasientkontakt innan 10 dagar
8	Direkte time 2. konsultasjon	85 %	● 64,8 %	→	Tildelt pasientkont. innan 24 t etter 1. konsultasjon
9	Tentative pasientkontaktar	40 %	● 46 %	↗	Tentative timar bakover og 6 mnd fram
10	Tentative timar passert tid	0 %	● 6 %	↗	Tal pasientar som får direkte time
11	Prosentvis avstandsoppfølging	10 %	● 7 %	→	Del av polikliniske konsultasjonar
12	Sjukefråvær	5,5 %	● 6,5 %	→	Sjukefråværet i Helse Førde
13	Gylne regel - kostnadsvekst	>0%	● -2,1 %	↘	Kostnadsutvikling somatikk/PHV
14	Gylne regel - ventetider	<0	● -31 dagar	→	Kortare ventetid i PHV enn somatikk
15	Gylne regel - aktivitetsvekst	<0	● -3 %	↘	Aktivitetutvikling poliklinikk somatikk/PHV
16	Økonomisk resultat	>0	● -6,6 mill. kroner	→	Resultat i høve til budsjett

Sidan utvalet av indikatorar er kopla til dei elementa som gir høg risiko, er det ikkje unaturleg at det er mange gule og raude «lampar». Resultata innanfor trygg pleie (1-3) viser klar betring i høve til august 2018, sjølv om målet enno ikkje er nådd. Same tendensen ser ut til å gjere seg gjeldande i september. Også tentative pasientkontaktar, både totalt og bakover i tid, har ei forbetring i høve til tidlegare.

Samla resultat for pakkeforløp kreft er litt fallande i høve til tidlegare. Førebels er det ikkje råd å måle forløpstider innan psykisk helsevern.

Målet om null fristbrot er ikkje mogeleg å nå i 2019. Det same ser altså ut til å gjelde måla knytt til kostnadsvekst og aktivitetsvekst innanfor den gylne regel.

## Kommentarar

Risikomatriisen syner at alle risikoelementa er vurdert å ligge i gult felt, som betyr at tiltak må vurderast. I tillegg er det to element som ligg i raudt felt. Det blir arbeidd aktivt med å redusere risikoen innanfor alle styringsmåla, og det er knytt tiltak til alle risikoelementa.

Sjølv om Helse Førde, samanlikna med andre føretak, har gjennomgåande gode resultat på mange kvalitetsindikatorar, så viser indikatortavla at føretaket er eit stykke unna målet på fleire felt.

Resultata i indikatortavla kan også gje eit signal om risikoelementa til styringsmåla bør endrast, eventuelt om andre styringsmål bør veljast. Det er sentralt i ei effektiv risikostyring, ikkje berre ved årsskifta, men også undervegs i året.

Føretaksleiinga har starta arbeidet med risikostyringa for 2020. Rekruttering av nøkkelfagpersonell og fare for bortfall av infrastruktur/IKT er to tema som førebels er løfta opp som moglege styringsmål for neste år.

## Konklusjon

Rapporten for risikostyringsmåla og denne styresaka gir samla eit rett bilete av risikostyringa i føretaket. Det vert arbeidd aktivt med tiltak på alle områda.

Vedlegg:

Risikostyringsmål 1-7 2019 Helse Førde – rapportering 2. tertial